

Audun Jacobsen

Sakshandsamar: Kristina Velure  
Telefon: 93490161  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 14/16222  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 18.05.2015  
Dykkar dato:

Att:

## Elektronisk post

### H-L-314 - VEDTAK OM TILBAKETREKKING AV LØYVE TIL PRODUKSJON AV ØSTERS SAMT TILHØYRANDE LOKALITET 15475 HANESTRAUMEN I LINDÅS KOMMUNE

Vi viser til vårt varsel av 25.11.14 om tilbaketrekking av løyve til produksjon av østers samt tilhøyrende lokalitet 15475 Hanestraumen i Lindås kommune. Audun Jacobsen har ikkje komen med tilbakemelding på varselet.

#### Vedtak

Fiskeridirektoratet region vest gjer med dette vedtak om å trekkja attende løyvet H-L-314 samt tilhøyrende lokalitet 15475 Hanestraumen i Lindås kommune.

#### Grunngjeving

Fiskeridirektoratet region vest kan ikkje sjå å ha motteke rapportering frå lokalitet 15475 Hanestraumen innan 01.10.2014 om drift på lokaliteten. Vi går difor ut i frå at drifta på lokaliteten er avvikla.

#### Heimel

Heimel for å inndra lokaliteten er: Forskrift om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret av 22.12.2004 § 18 første ledd som seier at :

*"Fiskeridirektoratet kan trekke tilbake en akvakulturtillatelse dersom det innen to år etter tillatelse er gitt, ikke er etablert virksomhet med mer enn en tredjedel av det tillatte. Det samme gjelder dersom det senere ikke har vært virksomhet som overstiger en tredjedel av det tillatte i en periode på to år."*

#### Oppryddningsplikt

Vi viser vidare til at tilbaketrekking av løyve medfører plikt til opprydding på lokaliteten innan ein bestemt frist, jf "Forskrift av 17. Juni 2008 nr 822 om drift av

akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften) § 17 annet ledd:

*”Ved permanent opphør av drift på en lokalitet skal det sørges for fullstendig opprydding, herunder fjerning av installasjoner over og under vann. Fullstendig opprydding skal være fullført innen 6 måneder etter opphør”.*

**For ordens skyld gjer vi merksam på at det vert gjeven vedtak om tvangsmulkt dersom lokaliteten ikkje er rydda innan 18.11.15.** Vi viser i denne samanheng til akvakulturlovens § 28 første og andre ledd som har følgjande ordlyd:

*”For å sikre at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov blir gjennomført, kan tilsynsmyndigheten fatte vedtak om løpende tvangsmulkt overfor den ansvarlige. Det kan også vedtas tvangsmulkt som forfaller for hver overtreddelse. Tvangsmulkt kan vedtas samtidig med pålegg etter § 27 eller senere.*

*Tvangsmulkten begynner å løpe dersom den ansvarlige oversitter den frist for retting av forholdet som tilsynsmyndigheten har fastsatt i vedtaket om tvangsmulkt, og den løper så lenge det ulovlige forholdet varer. Den løper likevel ikke så langt etterlevelse er umulig på grunn av forhold som ikke skyldes den ansvarlige”.*

Når lokaliteten er fullstendig rydda opp skal dette dokumenterast og sendast inn til Fiskeridirektoratet region vest Postboks 185, Sentrum, 5804 BERGEN, evt. sendast per e- post til [kristina.velure@fiskeridir.no](mailto:kristina.velure@fiskeridir.no). Er lokaliteten allereie rydda ber ein oppdretter dokumentere dette skriftleg og i form av bilete.

### **Klage**

Vedtaket kan berre påklagas av parter eller andre med rettsleg klageinteresse innan ein frist på tre veker etter at vedkommande mottok vedtaket, sjå om dette i vedlagte (./.) orientering. I medhald av forvaltningslova § 27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at høve til å klaga er uttømmende nytta.

Dykk har rett til innsyn i sakas dokumenter jf forvaltningslova §§ 18 og 19. Sjø nærare informasjon på vedlagt ”Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak”

Med helsing

Kari Morvik  
seksjonssjef

Kristina Velure  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

KOPPI

**Mottakarliste:**

Audun Jacobsen

**Kopi til:**

Mattilsynet	Felles postmottak	2381	BRUMUNDDAL
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Lindås Kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavd elingen	6025	ÅLESUND

**Vedlegg**

Klageskjema